


Retningslinjer for tilskot til særskilte miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for kommunane

Herøy, Ulstein og Hareid



EI BÅTLENGD FØRE

Innhold

1. Bakgrunn	3
2. Organisering av arbeidet	4
3. Utfordringer for 2025–2028	4
4. Målsetjing ved bruken av tilskotet	6
5. Formålet med SMIL-ordninga	6
6. Grunnvilkår	7
7. Prioriteringar	7
8. Aktuelle tiltak	8
9. Tilskotssatsar	10
10. Søknadsfrist og krav	10

1. Bakgrunn

Føremålet med SMIL-ordninga går fram av §1 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket:


«§1 Formålet med ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureingane frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut i frå lokale målsetninger og retningslinjer.»

Tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) skal forvaltast i samsvar med gjeldande nasjonal forskrift, og rundskriv frå Landbruksdirektoratet med kommentarar til forskrifta.

Kommunane har sidan 2004 utarbeidd fireårige strategiplanar for bruken av SMIL tilskotet. Strategiplanen har no endra namn til retningslinjer.

Lenke til forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448>

Heimelen for å lage retningslinjer finn ein i §8 andre avsnitt i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket; *«Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med statsforvalteren og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt»*



2. Organisering av arbeidet

I samband med utarbeiding av nye retningslinjer for 2025–2028 vart faglaga/ næringsorganisasjonane i landbruket invitert til drøftingsmøte den 12.03.2024. I dette møtet blei vi einige om å ta ut tiltaka «Leskur» og «Lagringsplass for rundballar», og la dei resterande tiltaka stå. Det er og eit ynskje frå faglaga at fjerning av piggtråd skal være med. Representantar for desse faglaga/ næringsorganisasjonane deltok på møtet:

- Vestre Sunnmøre Bondelag.
- Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag.
- Sunnmøre Villsaulag.

Faglaga har og fått framlegget til retningslinjer på høyring for å kunne ta det endelege framlegg opp til drøfting i møte i laga.

Framlegget til nye retningslinjer vart og sendt over til Statsforvaltaren for kommentar.

Retningslinjer for SMIL skal godkjennast i Formannskapet i kvar av kommunane. Løyvinga av tilskot vert tildelt i delegert vedtak av landbruksavdelinga i Herøy. For kommunane Ulstein og Hareid er det gitt delegasjon etter vertskommunen avtalen.

3. Utfordringar for 2025–2028

Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga av kulturlandskapet. SMIL-ordninga er derfor viktig for å motverke denne endringa.

Vi har prøvd å leggje til rette for at det skal kome fleire søknadar om fellestiltak på gjerding av utmarksgardar da dette er eit tiltak som vert prioritert. Vi ser òg at det kjem inn færre søknadar enn tidlegare. Dette har nok ein samanheng med at vi også ser ein nedgang i tal bønder.

Både Hareid og Ulstein har hatt vesentleg nedgang i tal søknadar, der vi kanskje ser Hareid som den kommunen med færrest søknadar. Ein del av dei søknadane som kjem inn går på inngjerding av dyrka jord, noko som vi no dei siste par åra har blitt meir restriktive på å gi tilskot til. Også i Ulstein kommune er det få søknadar på tilskot, og hovuddelen av søknadane er søknad om gjerding.

Grunnen til at færre søker tilskot er samansett, med hovudsaka er nok at det vert stadig færre gardbrukarar og at vi har blitt meir restriktive på kva vi gir tilskot til.

Herøy kommune er den kommunen med flest søknadar, sjølv om det også her har gått noko ned, har vi ofte fått overført tilskotsmidlar frå Ulstein og Hareid til Herøy. Ein av grunnane til nedgang er at vi har hatt eit stort fokus på inngjerding av utmarksareala på Nerlandsøya. Der har det vore eit stort fellesprosjekt for å få utmarksgarden på plass.

Det vi ser meir av no, er søknadar om restaurering av eldre bygg. Dette er ofte søknadar som og får tildelt tilskot frå kulturminnefondet. Det går fram av retningslinene her at desse prosjekta kan verte prioriterte. Dette er ofte store prosjekt som drar mykje av dei tildelte tilskotsmidlane.

Elles ser vi at på grunn av større og meir intense nedbørsmengder er behovet for hydrotekniske tiltak lokalt auka siste åra. SMIL-ordninga skal være med på å reduserer tap eller risiko for tap av næringsstoff, partiklar og andre forureinande utslepp til jorda, hindre avrenning til vatn eller utslepp til luft frå jordbruksareal, fôr eller gjødsel.

Det har vorte løyvd tilskot til utbetring av opning av bekkelukkingar, opne avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring av kanalar og flaumsikringstiltak i mindre elvar og bekkar. Hydrotekniske tiltak har høg prioritet og skal prioriterast der behov er store.

Siste åra har det vore størst etterspurnad etter tilskot i Herøy kommune. Vi har omfordelt tildelte tilskotsmidlar frå Ulstein og Hareid når det har vore midlar til overs. Det har vore løyvd mellom 334 393 og 563 031 kroner dei siste åra i sum for Herøy, Ulstein og Hareid. Vi ventar at behovet for tilskot vil vere om lag på same nivå i komande fireårsperiode.

4. Målsetjing ved bruken av tilskotet

- Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark for å motverke attgroing.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Gjere det lettare å halde dei små gardsbruka i aktiv drift og få areal ute av bruk i drift att.
- Hindre tap av biologisk mangfald som er knytt til landbruket.
- Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.
- Ta vare på kulturminne
- Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- Betre moglegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.

5. Formålet med SMIL-ordninga

Det går fram av Forskrift om tilskudd til spesielle miljøttak i jordbruket §1: Formålet med tilskudd til spesielle miljøttak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. *Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.*



6. Grunnvilkår

- a. Å følgje lovpålagte krav som gjelder kulturlandskapet eller forureining, reknast som ein del av den ordinære jordbruksdrifta. Slike tiltak omfattast ikkje av SMILordninga.
- b. Hovudregelen er at ein ikkje får løyving til inngjerding av dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka).
- c. Det vert ikkje løyvd tilskot til maskinarbeid ved rydding/ skjøtsel av gamal kulturmark.
- d. Tilskot til flytting av eldre verneverdige bygningar får ikkje støtte.
- e. Anlegg/tiltak må tilfredsstillande utførast og investeringane må haldast innan for ei forsvarleg ramme.
- f. Det må føreligge tillateleg frå landbrukseigedommens eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak.
- g. Eigar av landbrukseigedom kan innvilgast tilskot så lenge det foregår ein tilskotsberettiga produksjon på eigendomen. Om ein har andre som driv for seg, må ein likevel kunne leggje fram dokumentasjon som det er krav om, sjå slutten av dokumentet.
- h. Drift og skjøtsel som følgjer av normal bruk av areala knytt til eksisterande drift vil i hovudsak ikkje ha rett til tilskot. SMIL-tilskot er først og fremst aktuelt til tiltak som inneber ein ekstra innsats utover dette, og som det er knytt særlege kostnader til.

7. Prioriteringar

- a. Fellestiltak vert prioritert framfor enkelttiltak.
- b. Områder som er prega av attgroing vert prioritert når det gjelder skjøtsel/rydding av beiter og kulturmark.
- c. Tiltak som er begynt på eller ferdig, vert ikkje prioritert for tilskot.

8. Aktuelle tiltak

Kulturlandskap

Tiltak i kulturlandskapet skal fremje kunnskap, oppleving og bruksverdiar gjennom skjøtsel, utbetring og istandsetjing. Kulturlandskap er landskap som i større eller mindre grad er påverka av menneske.

a. Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark

Kulturmark er menneskeskapt gjennom langvarig, kontinuerleg og samtidig ekstensiv landbruksdrift. Areal har blitt brukt som beite- og slåttemark og er verken fulldyrket, gjødslet, drenert, planert eller tilsådd.

Gamla kulturmark kjenneteiknast også ved spor etter gamle driftsmåtar som murar, rydningsrøyser, lauvingsstrær og liknande.

Enkelttiltak: Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Samarbeidstiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

b. Rydding av gamla piggråd/ gjerde

Det kan gis tilskot til rydding av piggråd dersom det er gamla piggråd som ligg i utmark frå gammalt av (frå før 2010). Det kan ikkje gis tilskot til rydding av piggråd på innmarksbeite og fulldyrka-/ overflatedyrka jord. Ved oppsetting av nytt gjerde skal gammalt gjerde fjernast.

Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

c. Istandsetting av gamle verdifulle bygningar

Ein kan løyve tilskot til verneverdige bygningar, men ikkje freda bygningar. Kulturminne er ifølge kulturminnelova alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljø. Det gjeld og for lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Tiltak vurdert av kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune og saker som får midlar frå Kulturminnefondet vert prioritert. Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.

Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

d. Tilgjenge/oppleving

Tilrettelegging for blant annet betre allmentas tilgang til jordbrukslandskapet.

Døme: rydding av gamle vegar, råser, bruer, klopper for å legge til rette for allmenta.

Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

e. Kulturminne og kulturmiljø

Med kulturminne meiner alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. Det gjeld og for lokalitetar som det knytt seg historiske hendingar, tro eller tradisjon til. Døme på tiltak er skjøtsel av vegetasjon rundt kulturminne.

Inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag.

Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.

f. Biologisk mangfald

Å skjømte og ta vare på sårbare eller raudlista arter som blant anna skjømte av kystlynghei, trua naturtypar eller/og fjerning av framande skadelege artar.

Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Tiltak mot forureining

Klima og miljø er høgt prioritert, og gardbrukarane har strenge miljøkrav knytt til drifta. Tiltaka skal redusere tap og risikoen for tap av næring, partiklar og andre ureinande utslepp til jord, vatn og luft.

Behovet for midlar til slike tiltak er stadig til stades, då ein må forvente større og meir intens nedbør som krev betre vassvegar, med større toleevne. Ureinig grunna erosjon og utvasking av næring krev tiltak som kan fremme sedimentering.

a. Hydrotekniske tiltak

Døme på tiltak er:

1. Gjenopning av bekkelukkingar
2. Utbetring og oppgradering av eksisterande bekkelukking
3. Rehabilitering av gamle og etablering av nye kummar/nedløpskummar
4. Terengforming i samband med plassering av kum, motfall til nedløpskummar.
5. Reparasjon og oppdimensjonering av eksisterande utløp
6. Forebyggingsarbeid i form av sikring av botnen og sider i opne kanalar
7. Erosjonssikring av utløp og skråningar
8. Steinsetting i forbindelse med utbetring og erosjonssikring av utløp

Enkelttiltak: Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Fellestiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

9. Tilskotssatsar

Eige og leigd arbeid:

Kr. 350 pr. time for eige arbeid og leigd arbeid.

Kr. 400 pr. time ved eige arbeid med motorsag, inkl. drivstoff, olje mm.

Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar, inkl. diesel og olje

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge.

For å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt er det sett eit øvre kostnadstak pr. prosjekt på kr. 200.000.

10. Søknadsfrist og krav

Søknadsfristen er 1. april kvart år.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema som er utarbeidd av Landbruksdirektoratet. Føretaket/søkjar skal leggje ved ein plan der miljøtiltaket beskrivast og kartfestes, og der det blir gjort greie for måla med prosjektet eller tiltaket.

Når prosjektet eller tiltaket er gjennomført, skal det sendes inn dokumentasjon på at det er gjennomført i samsvar til vilkåra som er gitt i vedtaksbrev.

Søknadar som kjem inn til fristen og er korrekt utfylt med dei vedlegga som krevst lagt med, vil ha 1. prioritet. Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga.

Lenkje til elektronisk søknad:

[Søknad skal sendast elektronisk frå Landbruksdirektoratet sine heimesider.](#)

Krav til vedlegg:

1. Kart over eigendomen som viser kvar tiltaket er lokalisert
2. Skildring av arbeidet, kva som skal gjerast og kvifor
3. Teikningar (der det er aktuelt)
4. Spesifisert kostnadsoverslag som viser dei ulike materialkostnadane, prisar på innleidd arbeid og eigeninnsats.
5. Føretak/søker må leggje ved godkjent gjødslingsplan eller dokumentasjon på godkjent fritak frå gjødslingsplan jf. Forskrift om gjødselplanlegging
6. Sprøytejournal. Det skal føres journal over plantevernmiddel som brukas, med opplysningar om namn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på.
7. Godkjenning frå grunneigar til å gjennomføre tiltaket når du ikkje eig eigedomen sjølv.

Ved alle vedtak om tilsagn om tilskot skal forholdet til annet lovverk, for eks. naturmangfaldlovene, vurderast. Innvilga tilskot inneberer ikkje at det er gjort en saksbehandling og vurdering av tiltaket etter alle relevante lovverk. For enkelte tiltak kan det være behov for avklaring og løyve for gjennomføring etter andre lovverk.

Dette kan gjelde følgande tiltak:

- Steinsetting i bekk/elv kan utløyse krav om behandling etter vannressurslova.
- Endring av bekkeløp krev behandling etter vannressurslova.
- Bygningsmessige miljøtiltak kan utløyse krav om behandling etter plan- og bygningslova.
- Skogrydding for opning av beitemark kan utløyse krav om behandling etter skogbruksloven og/eller nydyrkingsforskriften og kulturminnelova.
- Tiltak på bygningar kan utløyse krav om behandling etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.

Lista er ikkje uttømmende, verken med omsyn til alle aktuelle lovverk eller kva tiltak som kan utløyse krav til behandling etter annet lovverk. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle om tiltaket krev vurdering etter annet lovverk.

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming: Kommunikasjonsavdelinga

